



POLITIET

Eg er politikontakt i Nissedal og Drangedal

Politikontakten og det førebyggande arbeidet i kommunen

Som ein del av Nærpolitireforma er det etablert politikontaktar for alle kommunane i landet. Målet er å systematisere og jobbe smartare i det kriminalitetsførebyggande arbeidet.

Politiets er avhengig av eit godt samarbeid med kommunen for å lukkast.

Politikontakten skal saman med den einskilde kommunen jobbe med førebyggande politiarbeid lokalt. Politikontakten skal vere uniformert og syte for oppfylging av forpliktande avtaler mellom politi og kommune. Politikontakten skal ha faste møtepunkt i kommunen.

Sør-Aust politidistrikt

Postboks 2073 3103 Tønsberg

Telefon 33 34 44 00.

Fylg oss på Politiet.no, Facebook og Twitter



Lensmann Marie Kornmo Enger

Lensmann Marie Kornmo Enger er politikontakt i Nissedal og Drangedal kommune. Ho har vore lensmann i Nissedal sidan august 2015, og i Drangedal sidan nyttår 2017. I tillegg har ho mange kontakt-punkt mot kommunen både knytt til førebyggande arbeid blant born og unge og politiråd. I tillegg til å vera lensmann, jobbar ho også med tilrettelagte avhøyr av born og unge i saker som omhandlar seksuelle overgrep og vald i nære relasjoner.

Ho er også trufast nynorskbrukar og kallar det nye politidistriktet Sør-Aust politidistrikt, slik det offisielle nynorsknamnet er....

Kornmo Enger er som oftast å treffe på dagtid; anten på Nissedal lensmannskontor eller på Drangedal lensmannskontor.

Kontaktinfo: Telefon 35 90 64 00, evt mobil nr 48881877, e-post: marie.kornmo.enger@politiet.no

Dette er ein politikontakt

Politikontakten er det daglege kontakleddet med kommunane, og er rådgjevar innan kriminalitetsførebyggande arbeid.

Etablering av funksjonen politikontakt gjev politiet høve til å styrke fundamentet for førebygging i kommunen. Politikontakt er ein nyopprettet funksjon med mange interessentar.

Førebygging

Hovudoppgåvene til politikontakten er å syte for oppfylging av politiet si nærpoltirolle - eit lokalt forankra politi. Politikontaktane skal gje råd og fylgje opp riktig bruk av kriminalitetsførebyggande metodar og tiltak.

Politikontaktane skal bidra til å få leiinga i lokalt politi og kommunar til å samarbeide og handle heilskapleg.

Politikontaktane skal bidra til at gode samarbeidsavtaler blir etablert og fylgde opp med offentlege styresmakter, næringslivet, interesseorganisasjonar og ulike grupper i kommunen.

Lokalkunnskap

Politikontakten er ein person med god lokal-kunnskap - som skal jobbe kunnskapsbasert og målretta.

Mange kommunar har alt mange og gode sam-handlingsarenaer med politiet, og politikontakten skal vera drivkrafta i dette samarbeidet. Politikontakten vil fylgje opp og vidareutvikle arbeidet i politiråda og SLT-samarbeid (Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak) for å bidra til ei **felles forståing** for kva mål ein ynskjer å nå. Forpliktande avtaler skal bli fylgde opp, og arbeidet skal evaluerast. Politikontakten skal vere fast medlem av politirådet.